



## RETNINGSLINJER FOR REGIONALT KULTURFOND HARDANGER, oppdatert 1.6.2026

1. Nye tiltak skal prioriterast.
2. Det skal leggest vekt på at tiltaka fremjar regionalt samhald og samhandling, og såleis styrkjer Hardangerkjensla.
3. Tiltaka må femna om fleire kommunar og vera i Hardanger.
4. Det bør leggest vekt på at tiltaka fremjar næringsutvikling.
5. Krav til søknaden og sakshandsaminga:  
Søknadane må innehalda minst følgjande opplysningar:
  - a) Ansvarleg søkjar (person, ansvarleg selskap, frivillig organisasjon)
  - b) Skildring av tiltaket sin ide og målsetjingar
  - c) Budsjett
  - d) Finansieringsplan  
Dersom prosjektet går over fleire år, skal budsjett- og finansieringsplan vera periodisert.
  - e) Opplysa om tilskot frå andre.
  - f) Har tilskotet reell betydning/utløysande effekt.
6. Avgrensingar  
Regionalt kulturfond skal som hovedregel ikkje nyttast som garanti for lån/ til lån eller som driftstilskot. Det kan som regel ikkje ytast tilskot ut over 1/3 av finansieringa.
7. Søknadsfrist  
1-2 gonger i året.
8. Rammer for tilsagn:
  - Rammevilkåra skal fylgjast.
  - Tilsagn føreset at Hardangerrosa vert profilert/brukt.
  - Krav om enkel rapportering med dokumentasjon i alle tilsagna.
  - Tilskot kan verta utbetalt med 50% ved oppstart. Resten utbetalt ved dokumentasjon.
  - Tilskotet gjeld i 12 månader frå vedtaksdato.
  - Enkeltvedtak. Klagefrist innan 3 veker til Hardanger Kulturråd.